



No er hyttesesongen godt i gong, men for mange er påsken den fyrste turen på hytta på lenge. Det er difor lurt å sjekke om hytta er høveleg utstyr med tanke på brann.

Tal frå Finansnæringens hovedorganisasjon viser at dei siste tre åra har vore brann i rundt 1000 hytter årleg. De ti siste åra har 31 personar mista livet.

**Rundt 80 prosent av alle brannar i Noreg skjer på grunn av aktløyse, og på hytta er den vanligaste brannårsaka bruk av open eld.**

### Sjekkliste på hytta og fritidsbustaden

Tiltak	OK	Ikkje OK
Det er montert røykvarslar eller FG-godkjent alarmanlegg med røykmeldar som jamleg er kontrollert.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Røykvarslaren/alarmanlegget fungerer og kan høyrast godt på alle soverom, sjølv med lukka dører.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Husbrannslange og/eller brannsløkkeapparat er lett tilgjengelig for alle rom.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eigenkontroll av brannsløkkeutstyr vert gjennomført jamleg.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er minimum to rømmingsvegar tilgjengelig frå kvart plan.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Pipa vert feia ved behov.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Levende lys og andre varmekjeder som eksempelvis flyttbare omnar, vert brukt under tilsyn.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Elektriske apparat som ikkje er berekna på kontinuerlig drift, vert slegne av etter bruk.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er ikkje synlige skader eller sterk varmgang i sikringsskåp, kontaktar og leidningar.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Gassutstyr med tilhøyrande slangar sjekkast jamleg for lekkasjar. Hytta har gassdetektor <b>Kilde: Norsk brannvernforening og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.</b>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>